

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref
17/1857-

Dato
29. mars 2019

Langedalselva kraftverk i Stranda kommune i Møre og Romsdal – klage- og motsegnssak

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak av 08.05.2017 om å gje løyve til Langedalselva kraftverk er klaga på av Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Sunnmøre Ringmerkingsgruppe og Per Ingebrigt Karbø på vegne av fleire grunneigarar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motsegn til søknaden.

NVE har vurdert motsegna og klagene utan å finne grunn til å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 23.01.2018.

1. Bakgrunn

Langedalselva Kraftverk AS søkte 02.12.2015 om løyve til å bygge Langedalselva kraftverk.

Langedalselva kraftverk vil etter hovudalternativet nytte eit fall på 53 m frå inntaket på kote 188,6 ned til kraftstasjonen på kote 136. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 12,8 m³/s, som utgjer 150 % av middelvassføringa. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 6,4 MW som etter planen vil gje ein årleg produksjon på om lag 20.3 GWh, gitt NVE sine vilkår. NVE har stilt krav om at det skal sleppast ei minstevassføring på 2,4 m³/s i perioden frå 1. mai til 30. september, og 0,5 m³/s resten av året.

I hovudalternativet, alternativ A, skal Toskedalselva overførast til inntaket i Langedalselva. Overføringa vil gi eit bidrag til produksjonen på om lag 1,57 GWh. NVE har stilt krav om at det skal sleppast ei minstevassføring i Toskedalselva på 30 l/s heile året.

Det er i søknaden også gjort greie for eit alternativ B med inntak nedstraums samlaupet med Toskedalselva. Dette alternativet vil gje ein produksjon som er 1,9 GWh mindre enn

hovudalternativet. I møte med departementet har sækjar også synleggjort eit alternativ C med inntak som i hovudalternativet, men utan overføring av Toskedalselva.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Stranda kommune** er positive til ei utbygging, under føresetnad om avbøtande tiltak. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** har motsegn til prosjektet grunngjeve med samla belastning av kraftutbygging i Langedalselva. **Møre og Romsdal fylkeskommune** rår frå at det blir gjeve konsesjon, då tiltaket er planlagt i eit område med lokal verdi for friluftslivet. **Statens vegvesen** krev at det blir utarbeidd trafikkanalysar, geotekniske undersøkingar og berekningar av sikkerheitsomsyn langs fylkesveg 60. **Direktoratet for mineralforvaltning** har ikkje merknader til søknaden. **Naturvernforbundet i Møre og Romsdal** går imot ei utbygging. **Ytre Sunnmøre lokallag av Norsk Ornitologisk forening/Sunnmøre Ringmerkingsgruppe** rår frå at det blir gjeve konsesjon grunna negative konsekvensar for fossefall. **Olav Asbjørn Håvik** rår frå ei utbygging grunna negative konsekvensar for elvepadling.

Naturvernforbundet var 08.06.2018 saman med representantar for Norges Padleforbund og representantar for grunneigarane som har klaga på vedtaket i møte med hos departementet for å legge fram sitt syn på Langedalselva kraftverk.

Stranda Energi AS og styreleiar i Langedalselva Kraftverk AS var i møte med departementet den 28.06.2018. Det blei her understreka at tiltakshavar ønsker løyve til utbygging etter alternativ B, då det ikkje ligg føre minnelege avtalar med alle grunneigarane for realisering av alternativ A med overføring av Toskedalselva.

2. NVE sitt vedtak

NVE har samanfatta si vurdering av saka som følgjer i KSK-notat 10/2017 Bakgrunn for vedtak Langedalselva kraftverk.

"Langedalselva kraftverk vil produsere om lag 20,3 GWh i et gjennomsnittså og ha en utbyggingskostnad under gjennomsnittet for konsesjonsgitte småkraftverk de siste årene. Etter NVEs syn er konfliktene i prosjektet hovedsakelig knyttet opp mot sumvirkninger for biologisk mangfold og utfordringer i forhold til riksvei 60. NVE mener at en slukeevne på 150% og en tilstrekkelig minstevannføring forbi inntaket hele året vil bidra til å opprettholde forholdene for biologisk mangfold og de registrerte artene i tilfredsstillende grad. Det er også vesentlig at flere av nabovassdragene er vernet og at de dermed ivaretar noe av mangfoldet til vassdragene i regionen. NVE mener at utfordringene i forhold til riksvei 60 kan løses ved at det er tett dialog mellom de berørte partene i forkant av en utbygging og at dette dermed ikke er til hinder for å gi konsesjon til Langedalselva kraftverk."

3. Motsegna og klagene

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev av 23.05.2017 stadfesta at dei opprettheld motsegna til Langedalselva kraftverk. Departementet siterer i det følgjande grunngjevinga i brevet:

"Fylkesmannen vil oppretthalde si motsegn omkring utbygging av Langedalselva kraftverk av 17.03.2016. Elvestrekninga det er snakk om har naturkvalitetar det er vel verdt å hegne om. Opphøvelege tilhøve i andre deler av vassdraget er allereie redusert gjennom mange fysiske inngrep/kraftreguleringar. Det er no òg gjeve klårsignal til Røyrhus kraftverk lenger oppi vassdraget.

Langedalselva representerer ein svært spesiell del av vassdraget gjennom sitt juv-preg. Kompenserande tiltak etter kraftinngrepet, vil ikkje kunne utlikne effekten av dei inngrepa som blir gjennomført i terreng og vannstreng/-føring. Å ha Langedalselva som ei urørd strekning i vassdraget er viktig."

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal (NNF) har summert opp si klage som følgjer i brev av 28.05.2017:

"Det er ein vesentleg mangel at ein del av fossesprøytsona ikkje er biologisk kartlagd, og at ein ikkje har lagt inn føre var-kompensasjon for dette. Vidare manglar det ei vurdering av to DD-arter, den eine ved kraftstasjonsplasseringa. Elvestrekninga har vesentlege kvalitetar knytt til landskap, oppleving og reiseliv, og strekninga er ekstra viktig ettersom så mange andre liknande strekningar er fråført vatn dei seinare åra."

Sunnmøre Ringmerkingsgruppa (NOF/SR) gjev i brev av 21.05.2017 uttrykk for at den samla belastninga på vassdrag på Sunnmøre no er svært stor grunna kraftutbygging, og klagar på det grunnlag på at det er gjeve løyve til å bygge ytterlegare tre kraftverk i Stranda. Klager meiner at desse tre prosjekta, saman med dei eksisterande utbyggingane, samla vil få dramatiske konsekvensar for fossefallbestanden i området.

Per Ingebrigt Karbø har i brev av 29.05.2017 på vegne av tre grunneigarar klaga på NVE si vurdering av alternativ B med inntak nedanfor Karbø bru. Dette alternativet vil gje eit inntak som er mindre synleg, mens hovudalternativet kan føre til fare for flaum på dyrka mark ovanfor inntaket, i tillegg til høgare grunnvasstand. Hovudalternativet vil også redusere verdien av Karbøfossen i tillegg til at ei strekke i Toskedalselva blir tørrlagd. Karbø peikar også på omsynet til kulturminnet Langeland sag.

4. Departementet sine merknader

Løyve til Langedalselva kraftverk kan bli gjeve om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 første ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane i motsegna og i klagene som er naudsynte for å grunnngje avgjerdsla. Departementet kan også ta omsyn til forhold som ikkje er tatt opp i motsegna eller klagene.

Samfunnsnytte og prissette konsekvensar

Departementet meiner at den viktigaste samfunnsnytta med Langedalselva kraftverk vil vere produksjon av fornybar energi.

Langedalselva kraftverk vil etter alternativ A gje ein årleg produksjon på 20,3 GWh med dei vilkåra som NVE har satt, mens ei utbygging etter alternativ B vil gje ein produksjon på 18,5 GWh. Vinterkraftandelen utgjør om lag 42 %.

Kostnadane er av søker berekna til 60,9 mill. kr for alternativ A og 57,2 mill. kr for alternativ B. Departementet legg til grunn at kostnadsår er 2015, då søknaden låg føre. Justert til kostnadsår 2017 blir kostnadane 64,0 mill. kr og 60,1 mill. kr,. Dette gir ein spesifikk utbyggingspris på 3,15 kr/kWh for alternativ A og 3,25 kr/kWh for alternativ B. Kostnader for tilknytning til nett inngår ikkje i desse berekningane.

I møte med departementet har tiltakshavar også synleggjort eit alternativ med inntak som for alternativ A men utan overføring av Toskedalselva. Dette vil gje ein berekna produksjon på 18,7 GWh til ein kostnad på 63,3 mill. kr som gir ein spesifikk utbyggingspris på 3,35 kr/kWh.

Ny kraftleidning Tomasgard-Tryggestad

Det er ikkje kapasitet i eksisterande nett til å mata inn ny kraftproduksjon i Hellesyltområdet. Samstundes med at NVE ga konsesjon til Langedalselva kraftverk, Hauge kraftverk og Røyarhus kraftverk, blei det også gitt anleggs-konsesjon til etablering av ei ny 66 (132) kV kraftleidning frå Tomasgard i Hornindal kommune til Tryggestad i Stranda kommune med tilhøyrande transformatorar.

NVE konkluderer i si behovsvurdering i KN-notat 8/2017 med at dei tre konsesjonsgitte småkraftprosjekta er den utløysande faktoren for ny kraftleidning. NVE har i sitt vedtak også drøfta andre forhold knytt til etablering av ein ny kraftleidning, og det er særleg tre forhold som er relevante i vurderinga av nytta av denne leidninga. Ei ny kraftleidning vil:

- redusere tapa i eksisterande distribusjonsnett med om lag 2 GWh/år dersom 12,3 MW ny produksjon blir realisert.
- gi auka reservekapasitet til Stranda transformatorstasjon
- legge til rette for ny forbruksauke i Sunnylvn-området

Under det siste punktet har NVE særleg drøfta kva nytte den aktuelle linja vil kunne få for etablering av eit eventuelt landstrømanlegg i Hellesylt for forsyning av m.a. cruiseskip.

Samstundes vil ei eventuell framtidig etablering av hydrogenproduksjonsanlegg i Hellesylt kunne bidra til å redusere nytta av ei ny kraftleidning, men pga. stor uvisse rundt dette forholdet, har NVE ikkje lagt vekt på dette.

Departementet siterer her NVE si analyse av dei tekniske og økonomiske forholda knytt til den konsesjonsgitte kraftleidninga:

"NVE har utført en teknisk-økonomisk analyse av det omsøkte nettanlegget og planlagt ny konsesjonsgitt kraftproduksjon, dvs. Røyarhus, Langedalselva og Hauge kraftverk. Analysen er oppsummert i Tabell 3.

Nettalternativ	Alternativ 0	Alternativ 1			Alternativ 3
Utbygging	<i>Ingen produksjon</i>	<i>Full utbygging (12,3 MW) (1-a)</i>	<i>Middels utbygging (8,4 MW) (1-b)</i>	<i>Lav utbygging (5,9 MW) (1-c)</i>	<i>Lav utbygging (5,9 MW)</i>
Prissatte virkninger					
Investeringskostnader nett (mill.kr)	0	-41	-41	-41	-17
Drifts- og vedlikeholdskostnader (mill.kr)	0	-10	-10	-10	-4
Endringer i tapskostnader (mill.kr)	0	10	11	11	-5
Netto nåverdi kraftproduksjon (mill.kr)	0	22	15	10	10
Sum	0	-19	-25	-30	-17
Ikke-prissatte virkninger					
Tilrettelegging for nytt forbruk	0	+	+	+	0
Økt reserve til Stranda	0	+	+	+	0
LCOE inkl. nettkostnad	-	38 øre/kWh	41 øre/kWh	45 øre/kWh	41 øre/kWh
Rangering		1	2	4	3

Tabell 3: Samfunnsøkonomisk vurdering av alternativene med basispris-scenario for fremtidig kraftpris

I et basisprisscenario for fremtidig kraftpris viser NVEs analyse at det sannsynligvis ikke er samfunnsøkonomisk lønnsomt å bygge det omsøkte nettanlegget ved realisering av de tre kraftverkene. I basisprisscenarioet resulterer utbyggingene i en kostnad med en nåverdi på ca. 19 mill. kr.

I et høyprisscenario er tiltaket teknisk-økonomisk lønnsomt dersom de tre kraftverkene bygges, siden nytten fra kraftproduksjonen øker fra 22 til 76 mill. kr, og verdien av tapsreduksjonen øker fra 10 til 15 mill. kr. Da vil utbyggingene gi en samfunnsøkonomisk nytte med en nåverdi på ca. 40 mill. kr.

NVE har sammenlignet den teknisk-økonomisk lønnsomheten av nettanlegget og konsesjonsgitte kraftverk med den teknisk-økonomiske lønnsomheten til samtlige konsesjonsgitte, ikke utbygde vind- og vannkraftprosjekter i Norge per 1. kvartal 2016. NVE vurderer at tiltakene har en kostnad som ligger nær gjennomsnittet sammenlignet med de vind- og småkraftprosjektene som har endelig konsesjon.

Den teknisk-økonomiske lønnsomheten av det omsøkte nettanlegget er avhengig av hvor mye småkraft som bygges ut i Hellesylt-området. Ved en lavere utbygging av småkraftverk vil energikostnaden til småkraftverkene inkludert nettkostnader (LCOE) øke og lønnsomheten vil reduseres.

Den teknisk-økonomiske analysen viser at kostnaden øker fra 38 til 45 øre/kWh dersom Langedalselva kraftverk ikke realiseres (1-c). I dette tilfellet er det lite sannsynlig at nettiltaket vil være teknisk-økonomisk lønnsomt, selv i et høyprisscenario. Sammenligningen med konsesjonsgitte prosjekter viser dessuten at dersom kun Hauge og Røyrvik kraftverk realiseres sammen med det omsøkte nettanlegget, så vil

lønnsomheten være blant de 20 % dårligste prosjektene i NVEs sammenligningsgrunnlag. I dette tilfellet viser NVEs beregninger at en oppgradering i distribusjonsnettet (alternativ 3) vil ha lavere kostnader (41 øre/kWh).

Hvis Langedalselva og Røyrrhus (1-b) realiseres sammen med det omsøkte nettanlegget, vil kostnadene per utbygd kWh ligge på 41 øre/kWh, og være rimeligere enn de 20% dårligste prosjektene i NVEs sammenligningsgrunnlag. De ikke-prissatte virkningene gjør at dette alternativet er vurdert som en bedre løsning enn alternativ 3.

NVE mener at grensen for minstevolum som sikrer at nettiltaket er teknisk-økonomisk lønnsomt bør ligge på 8,4 MW, som innebærer at Langedalselva kraftverk og enten Hauge eller Røyrrhus kraftverk blir bygget. Ved mindre utbygging av småkraftverk, bør det utredes en nettløsning med oppgradering av overføringskapasitet i eksisterende 22 kV-nett mellom Tomasgard og Hellesylt.

SFE Nett skriver i søknaden at det nye nettanlegget sannsynligvis vil defineres som produksjonsrelatert nett, noe som innebærer at eksisterende og nye produsenter må betale mesteparten av utbyggingen gjennom en høyere tariff. Likevel er den teknisk-økonomiske lønnsomheten såpass avhengig av småkraftutbyggingen at det bør stilles krav om et minste utbyggingsvolum som sikrer nytten i prosjektet.

NVE mener at det bør settes vilkår om at minst 8,4 MW kraftproduksjon må bygges ut før det omsøkte nettanlegget kan realiseres. Dersom kraftutbyggingen blir mindre enn 8,4 MW, bør det utredes om en oppgradering av distribusjonsnettet er en billigere løsning for å tilknytte produksjonen. Dersom dette ikke vurderes som samfunnsøkonomisk lønnsomt, bør konsesjonæren vurdere om det er grunnlag for å søke fritak fra tilknytningsplikten i medhold av energilovforskriften § 3-4 femte ledd. Ved større endringer i forutsetninger, f. eks økt forbruk i området, kan NVE endre kravet om minstevolum."

Den nye kraftleidninga er av NVE vurdert å vere samfunnsøkonomisk rasjonell berre dersom det blir fatta vedtak om utbygging av minst 8,4 MW ny kraftproduksjon. Dette inneber at Langedalselva kraftverk må byggast i tillegg til minst eitt av kraftverka Hauge eller Røyrrhus. NVE meiner at dersom Langedalselva kraftverk byggast med inntak nedafor Karbø bru, må Hauge kraftverk også byggast for å kunne forsvare investeringa i den nye kraftleidninga, då installert effekt frå Langedalselva kraftverk og Røyrrhus kraftverk samla vil vere 7,85 MW. Dersom Langedalselva kraftverk ikkje blir bygd, meiner NVE at det vil vere ei betre løysing ut frå ei samfunnsøkonomisk vurdering å oppgradere eksisterande distribusjonsnett enn å bygge ny kraftleidning.

Den samla inntektssida av dei tre småkraftprosjekta i Stranda kommune som er til klagebehandling i departementet, saman med nytte-kostnadsvurdering av ny kraftleidning, inngår som element i departementet si samla vurdering av prosjekta sine fordelar og ulemper. Departementet nyttar NVE si utrekning av noverdien av tiltaka samla, basert på dei kostnadstala som tiltakshavarane og SFE Nett har lagt fram, typiske driftskostnader, forventa produksjon og elsertifikatpris, og eit utfallsrom for kraftprisen slik den hausten 2018 er modellert av NVE fram mot 2030 (høg/låg/basis). Tiltaka vil også ha verknadar på m.a.

naturmangfald, landskap og friluftsliv. Departementet ser også på miljøverknadane av tiltaka og tek stilling til om tiltaka samla sett kan vurderast som samfunnsøkonomisk lønnsame, gitt uvissa i dei prissette verknadane.

Ikkje prissatt nytte av ny kraftleidning

NVE meiner en ny regionalnettforbindelse mellom Hornindal og Hellesylt også vil kunne ha nytte utover det som er prissatt, og peiker på tre forhold: tilrettelegging for auka forbruk, moglegheiter for tilknytning av ny, framtidig produksjon, samt betring av reservestraumforsyninga til Stranda.

NVE drøftar forholdet til utvikling av eit landstraumanlegg i Hellesylt. Det blir synt til at planane for eit slikt anlegg er usikre, og at eit effektuttak under 18 MW, som er dagens kapasitet i distribusjonsnettet, vil redusere nytta av ei ny kraftleidning.

NVE syner til at det ligg føre planer om to småkraftverk i området som ikkje er behandla av NVE pga. uavklarte rettsforhold. NVE har avslutta behandlinga av sakene. Dette er det klaga på, og klaga er til behandling i departementet.

NVE meiner at det er dei tre småkraftverka som har fått konsesjon som er utløysande for ny kraftleidning mellom Hornindal og Hellesylt. Auka reserve til Stranda transformatorstasjon og tilrettelegging for framtidig forbruksauke i Sunnylven-området vil vere tilleggsgevinstar av nettanlegget.

Naturmangfald

Langedalselva renn gjennom ei bekkekløft på om lag 3 km på strekninga frå Karbø bru ned til Hellesyltfossen. Langedalselva kraftverk vil føre til redusert vassføring på om lag 1100 m av bekkekløfta. Bekkekløfta er kartlagd ved fleire høve, og seinast i samband med den søkte utbygginga. Bekkekløfta er verdsatt som viktig (B-verdi). Av raudlista arter er det registrert ein trua lavart i influensområdet – gubbeskjegg (NT), og oter (VU). I tillegg er fugleartane hubro (EN) og hønsehauk (NT) registrert i nærområdet, og det er to artar som er oppført i raudlista pga. datamangel (DD): taigaspissmus og soppen snømykkjuke.

Kunnskapen om naturmangfaldet knytt til bekkekløfta er i hovudsak av tiltakshavarar sin biomangfaldkonsulent vurdert som godt. Unnatak gjeld "store areal med bergvegger som er utilgjengelege". Følgjande sitat er henta frå søknadens biomangfaldrapport:

"Styrken til lokaliteten ligg i ei lengre, lite påverka elvestrekning som har klart karakter av et topografisk godt utforma juv, i nedre delar med ein nokså intakt gamalskog i bakkant. Kløfta har eit høgt innhald av steile bergvegger og er viktig for vasstilknytt fugl, både fossefall og vintererle finn gode, naturlege hekkelokalitetar i kløfta. Kulturpåverknad i form av hogst og granplantasjar trekker likevel ned. Fråveret av gamal skog er ein medverkande årsak til at kløfta har mindre kravfulle bekkekløftartar enn forventa ut frå topografien."

Langedalselva er eit vassdrag med ein stor bestand av fossekall. Denne arten er ikkje raudlista, men står på Bernkonvensjonen si Liste II over artar som Noreg har eit spesielt ansvar for. Dette gjeld også vintererle, som også finst i Langedalselva. Det er 2-3 hekkelokalitetar for fossekall på den aktuelle utbyggingsstrekninga. I fråsegna frå NOF/SR er det gjort greie for forholda for fossekall i Langedalselva og andre vassdrag i Stranda kommune. NOF sentralt har seinare i brev til departementet understreka at Langedalselva er viktig for fossekall.

NVE har i si vurdering ikkje lagt avgjerande vekt på omsynet til fossekall. NVE meiner at ulempa knytt til fossekallen si hekking i stor grad lar seg bøte på ved å montere predatorsikre hekkekassar på eigna stader, og viser m.a. til undersøkingar som er gjennomførde knytt til småkraftutbygging. Ulemper for fossekall i myteperioden vurderer NVE som akseptabel vurdert opp mot nytten av Langedalselva kraftverk.

I samband med klagebehandlinga av det no utbygde Lillebø kraftverk, var også forholdet til fossekallen eit tema. Departementet gav i dette høvet uttrykk for at det kunne vere grunnlag for å sjå nærare på kva påverknad eksisterande utbygging har for fossekallbestanden i vassdraget, og at ansvaret for dette ligg til Fylkesmannen. NNF meiner at før ei slik undersøking er gjennomført, kan ein ikkje gje løyve til ytterlegare utbygging i vassdraget.

Langedalselva har ein bestand av stasjonær aure på utbyggingsstrekninga. Fylkesmannen gjev uttrykk for at bestanden er god. NVE legg til grunn at slepp av minstevassføring vil ivareta aurebestanden.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Langedalselva nedanfor Karbø bru går meir eller mindre i juv i ein smal u-forma dal. Det er kulpar, hølar og mindre fossefall på strekninga som er planlagd utbygd. Det går fram både av konsesjonssøknaden og fråsegn at elva i nokon grad nyttast til fritidsfiske, og at denne bruken i hovudsak er lokal.

NNF har i si klage og i møte med departementet understreka at den delen av Langedalselva som er omfatta av utbyggingsplanane er ein vill og inngrepsfri del av elva, samtidig som den ikkje er utilgjengelig for friluftaktivitetar. NVE har i liten grad omtalt landskapsmessige forhold i sitt vedtak, og dette er av NNF peikt på som ein mangel i vedtaket. NNF meiner elva er brukt til friluftaktivitetar som bading, fising, juving, padling og som turmål, og at den har betydeleg opplevingsverdi.

Norges Padleforbund har ikkje gitt fråsegn til søknaden i samband med høyringa, men Langedalselva sin verdi for elvepadling er likevel kjent som følgje av ei fråsegn frå ein privatperson, og NVE har vurdert forholdet i sitt vedtak. Elles har Norges Padleforbund gjort greie for padleinteressene i møte med departementet. Det blei m.a. gitt uttrykk for at det er aukande interesse i regionen for denne aktiviteten.

Samla belastning av kraftutbygging i Langedalsvassdraget

Det er eit sentralt moment i motsegna frå Fylkesmannen og i klagen frå NNF og NOF/SR at utbygging av Langedalselva kraftverk vil føre til for stor samla belastning på vassdragsmiljøet i Langedalselva. Det er tidlegare gitt løyve til Lillebø kraftverk og Ringdal kraftverk, som begge er bygd. NVE har samtidig med løyvet til Langedalselva kraftverk også gitt løyve til Røyrhus kraftverk øvst i vassdraget. Dette løyvet er også klaga på av NOF/SR.

NVE har i sitt vedtak vurdert om ei utbygging av Langedalselva kraftverk vil ha sumverknader for eit eller fleire tema. NVE syner i sitt vedtak til at det i nærområda er fleire vassdrag som er verna, og at verdiane ein finn i Langedalselva truleg også er representert i dei verna vassdraga.

På bakgrunn av høyringsfråsegnene og klagen legg departementet til grunn at dei tema som kan vere relevante å vurdere i forhold til samla belastning er kva påverknad Langedalselva kraftverk vil ha for naturmangfaldet og brukarinteressene.

5. Departementet si vurdering

Naturmangfald

Departementet meiner at det mest verdifulle naturmangfaldet er knytt til bekkekløfta og at Langedalselva er ei elv med ein stor fossefallbestand. Departementet meiner også at påverknadane på naturmangfaldet som følgje av Langedalselva kraftverk må sjåast i samanheng med annan utbygging i vassdraget. Lillebø kraftverk, som utnyttar fall i hovudelva og sideelva Nibbedalselva, ligg om lag ein kilometer oppstrøms Karbø bru, og Ringdal kraftverk, som utnyttar eit fall i sideelva Ringdalselva, er etablert nedstraums tiltaksområdet for Langedalselva kraftverk.

Ringdalselva utgjer ei bekkekløft på det meste av utbyggingsstrekninga for Ringdal kraftverk, og denne er tidlegare verdsatt som viktig (B). Bekkekløfta strekk seg ned til bekkekløfta i hovudelva. Sjølv om det i liten grad er registrert trua arter av t.d. moser og lav langs Ringdalselva eller Langedalselva, er departementet av det syn at det må leggjast vekt på omsynet til naturtypen. Heile bekkekløfta langs Ringdalselva er påverka av utbygginga av Ringdal kraftverk, og det blei vurdert i samband med kartlegginga av kløfta, at ein vesentleg reduksjon av vassføringa ville føre til ein klar verdireduksjon. Dette forholdet styrker etter departementet si vurdering verdien av å oppretthalde bekkekløfta i hovudelva urørt av utbygging.

Langedalselva har frå NOF si side vore løfta fram som eit av dei viktigaste vassdraga for fossefall med i alt 24 kjende revir. På utbyggingsstrekninga for Langedalselva kraftverk er det kjent to hekkerevir i tillegg til eit rett ved planlagd kraftstasjon. NOF/SR har i si høyringsfråsegn også gjort greie for kva konsekvensar Lillebø kraftverk og Ringdal kraftverk kan ha hatt for fossefall. I Ringdalselva meiner NOF/SR at dei to para som hekka no er borte, og at dei fem para (eller meir) som hekka på strekningane som no er utnytta i Lillebø

kraftverk for det meste er borte. NOF/SR gjer også greie for artens behov knytt til myting og næringssøk, og om bruk av hekkedasser for å bøte på ulempene ved utbygging.

Fossekallen er ikkje ein trua art, men er med på Bernkonvensjonen si Liste II over artar som har eit særleg vern. Det same gjeld vintererle, som også er registrert i området. Departementet er samd med NVE i at ulempa av småkraftutbygging knytt til hekking langt på veg kan bøtast på dersom tiltaka blir utført på rett måte, slik det også er påpeika av NOF/SR. Departementet meiner samstundes det ikkje er tvil om at Langedalselva er ei viktig elv for fossefall, og at vidare kraftutbygging i vassdraget i nokon grad vil kunne redusere elva sin verdi som leveområde for arten.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Langedalselva utgjer i større eller mindre grad eit juv frå Karbø bru ned til Hellesyltfossen, men er samstundes delvis tilgjengelig på strekninga som er planlagt utbygd. Fylkesveg 60 ligg berre inntil 120 m frå elva på heile utbyggingsstrekninga, men på eit høgare nivå slik at landskapet lokalt ved elva likevel har eit urørd preg.

Langedal Kraftverk AS har i møte med departementet gitt uttrykk for at hovudalternativet ikkje er aktuelt for realisering grunna privatrettslege forhold. Alternativet med inntak nedstraums Karbø bru er av NVE ikkje vurdert som eit aktuelt alternativ grunna større landskapsinngrep. NVE har utover dette ikkje kommentert forholdet til landskap i sitt vedtak.

Departementet registrerar at landskapsinngrepa er avgrensa til inntaks- og kraftstasjonsområdet, då vassvegen blir i tunnel, men legg likevel NVE si vurdering til grunn når det gjeld kva inngrep som er naudsynt ved alternativ inntaksplassering. Utover dette vil konsekvensane for landskap vere knytt til redusert vassføring på utbyggingsstrekninga.

Departementet legg til grunn at juvpreget i Langedalselva delvis gjør den vanskelig tilgjengelig, men at den likevel i nokon grad er nytta til friluftaktivitetar. Departementet er usikker på omfanget av desse kva gjeld t.d. fiske, bading og andre tradisjonelle frilftsinteresser.

Når det gjeld elvepadlingsinteressa i Langedalselva, er dette drøfta i NVE sitt vedtak. Det er m.a. synt til korleis utbygging av Litlebø kraftverk har påverka elvepadleinteressene. Utbygging av Langedalselva kraftverk vil også påverke bruken av denne delen av elva, sjølv om det er ei meir krevjande strekke for elvepadling. Departementet meiner at ei utbygging vil redusere Langedalselvas verdi for padleinteressa, og i større grad for alternativ B enn alternativ A, og at dette kjem i tillegg til ulempene for denne aktiviteten som følgje av tidlegare utbygging.

Ny kraftleidning

NVE har gjeve anleggskonsesjon til ny 66 (132) kV kraftleidning på føresetnad av at Langedalselva kraftverk blir bygd i tillegg til minst eitt av to andre søkte prosjekt i Hellesyltområdet: Hauge kraftverk og Røyhus kraftverk. NVE sine berekningar syner at

nettinvesteringane ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsame ut frå dei prissette verknadane åleine. I tillegg kjem ikkje-prissette verknader, som betre forsyningstryggleik i Stranda og reduserte nettap mellom Stranda og Tomasgard.

Nye krav som gjeld utslepp frå skipstrafikk på Geirangerfjorden kan aktualisere etablering av eit landstrømanlegg i Hellesylt. Departementet meiner at det ikkje er grunnlag for å vektleggje dette i vurderinga av nytten ved ein ny leidning ettersom det er stor uvisse kring disse planane og behovet for ny nettkapasitet i denne høvet.

Departementet si oppsummering

Departementet meiner at det i hovudsak er verdien av ny kraftproduksjon som utgjer fordelssida ved utbygging av Langedalselva kraftverk. Søker sitt prioriterte alternativ vil bidra med om lag 18,5 GWh fornybar kraft, og hovudalternativet som NVE har gitt løyve til, er det ikkje aktuelt å realisere, slik departementet har oppfatta søkar.

Det er ikkje kapasitet i eksisterande nett for tilknytning av ny produksjon i Hellesyltområdet, og det er ein føresetnad for utbygging av nye produksjonsanlegg at det etablerast ny kraftleidning frå Tomasgard i Hornindal til Tryggestad. Kostnadene ved ein ny kraftleidning må derfor inngå i den samla vurderinga av fordeler og ulemper ved nye produksjonsanlegg. Departementet meiner at dei samla fordelane ved Langedalselva kraftverk, når ein også reknar med den delen av nettkostnadane som dette prosjektet utløyser, ikkje kan bere vesentlege ulemper for naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Departementet meiner at utbygging av Langedalselva kraftverk vil redusere verdien av ei stor, regionalt viktig bekkekløft som strekkjer seg frå inntaksområdet ned til Hellesyltfossen. Departementet legg til grunn at ei tilgrensande bekkekløft i sideelva Ringdalselva har fått redusert verdi som følgje av utbygging av Ringdal kraftverk.

Langedalselva kraftverk vil også ha ulemper for fossefall og friluftsinnteresser knytt til Langedalselva. Departementet legg til grunn at vassdraget har særlege kvalitetar både for fossefall og padlesport, og meiner at ulempene må sjåast i lys av at allereie utbygde småkraftverk har hatt ulempe både for fossefall og bruken av Langedalselva til padling. Omsynet til fossefall og padleinteressene er etter departementet sitt syn ikkje avgjerande i vurderinga av fordeler mot ulemper, men vil vere tilleggsmoment i den samla vurderinga.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilåret for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

Dette inneber at NVE sin føresetnad som gjeld kraftleidninga mellom Tomasgard og Tryggestad ikkje er oppfylt. Dette får konsekvensar for lønsemda til prosjekta Hauge kraftverk og Røyrhus kraftverk. Departementet meiner at det ikkje kan gis løyve til prosjekter, som etter ei samla vurdering har større ulemper enn fordeler, med grunngjeving å redusere kostnader knytt til nettløysingar for andre prosjekt.

6. Departementet sitt vedtak

Motsegna frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og klagene frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Sunnmøre Ringmerkingsgruppe og Per Ingebrigt Karbø blir tatt til følge. Departementet gjer om NVE sitt vedtak om å gi løyve til Langedalselva kraftverk til avslag.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd første punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Langedalselva Kraftverk AS
Norges vassdrags- og energidirektorat
SFE Nett AS
Stranda kommune
Stranda Energi AS

Adresseliste

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Julsundveien 9, Postboks 2520	6404	MOLDE
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal		6630	TINGVOLL
Per Ingebrigt Karbø	Langedalsveien 310	6218	HELLESYLT
Sunnmøre Ringmerkingsgruppe	Hareidsvegen 234	6060	HAREID